



Høringsssvar fra Sogn regionråd

Dato: 22.06.2023

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og vedtok i møtet 16. juni 2023 følgjande uttale:

Reisemålsutvalet har levert ein god og relevant rapport. Sogn regionråd sluttar seg i stor grad til innhaldet og tilrådingane i utvalet si utgreiing, men har merknader til temaa finansiering av fellesgode og cruise.

Reisemålsleiing

Sogn regionråd støttar utvalet si tilråding om ei styrka reisemålsleiing som samarbeider om å oppnå visjonane og måla for reisemålet (tiltak 1). Vi støttar vurderingane til utvalet om at det er viktig å etablera ei breitt samansett reisemålsleiing som ser næringsutvikling, besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i samanheng. Som ledd i vårt eige arbeid med reisemålsutvikling (Masterplan for reisemålet Sogn til 2030) vil vi etablera ei reisemålsleiing i Sogn, slik merkeordninga Merket for berekraftig reisemål krev, med deltakarar frå privat, offentleg og privat sektor og lokalsamfunn. Realiseringa av planen vil gå på tvers av sektorar og aktørgrupper. For å nå måla om å utvikla reisemålet er det behov for tettare samhandling og etablera forpliktande partnerskap mellom aktørane. Det vil krevje eit solid og gjennomarbeidd avklaringsarbeid, der roller og ansvar vert tydeleg fordelt. Vellukka reisemålsleiing fordrar felles forståing av arbeidet. Sogn regionråd imøteser at det blir utarbeidd ein nasjonal rettleiar om reisemålsleiing som eit arbeidsverktøy til bruk i samarbeidet (tiltak 9).

Sogn regionråd støttar at ei nasjonal ordning med besøksbidrag har velfungerande reisemålsleiing som krav for forvaltning av midlar (tiltak 7).

Besøksforvaltning

Besøksforvaltning inneber å utvikla strategiar, ta i bruk verktøy for å førebygge uønskete konsekvensar og samstundes auka verdiskapinga av besøk. Utvalet meiner at reiselivet må utviklast på ein måte som skaper attraktive lokalsamfunn både for lokalbefolkning og dei besøkande, og at eit berekraftig reiseliv må kunne skape verdiar og lønsame bedrifter utan at det nødvendigvis kjem fleire besøkande.

Dette er i samsvar med vår eigen reiselivssatsing om at både næringa og lokalsamfunna skal bli meir berekraftige ved å bidra til auka verdiskaping, sterkare miljøfokus og betre samfunnsutvikling knytt til reiselivet i Sogn. Næringsutvikling, besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling heng saman.

NOU-en peiker på behovet for fleire ressursar og styrka innsats til besøksforvaltning. Sogn regionråd støttar utvalet om at det er behov for å utvikla og samordna statlege virkemidlar som insentivordningar, kompetansetiltak og lovgjeving (tiltak 14).

Sogn regionråd støttar tilrådinga frå utvalet om betre samordning på tvers av forvaltningssystem og administrative grenser både kommunalt, regionalt og nasjonalt. Vår vurdering er at destinasjonsselskapa er avgjerande organisatorisk eining på reisemåla for berekraftig besøksforvaltning på reisemålet. Føremålet med Destinasjon 3.0 er å kunne samarbeide om utviklingsarbeid og berekraftige forretningsmodellar. Det er positivt om det blir sett i gang ei forsøksordning med å prøve ut modellar for samordning på tvers av forvaltningssystem og for å sjå korleis framtidens destinasjonsselskap kan formaliserast (tiltak 16).

Finansiering av fellesgode

Små turistkommunar med store besøksvolum har avgrensa ressursar til tilrettelegging og besøksstyring. Reisemålsutvalet peiker på at auken i tal besøkande til attraktive stader gjer det nødvendig å finne langsiktige løysingar for å finansiera fellesgode. Vidare peiker utvalet på behovet for at reisemålsleiing skal drive strategisk reisemålsforvaltning og handtere utvikling og drift av fellesgode basert på breitt forankra besøksstrategi.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og Visit Sognfjord m.fl.) har sendt forslag om pilot for å prøve ut ein integrert modell for fellesgodefinansiering. Fellesgodeprosjektet (FGP) er utvikla i perioden 2018-2023 og er omtalt i NOU-en («Pilotordning for utprøving av integrert modell for fellesgodefinansiering»). Sogn regionråd støttar utvalet si tilråding om at det er behov for gode og langsiktige løysingar for fellesgodefinansiering der besøkande bidreg (tiltak 27). Vår vurdering er at innføring av ein eventuell nasjonal ordning er tidkrevjande, komplisert og usikker. Det hastar med å prøve ut ordningar for reisemåls- og besøksforvaltning med moglegheiter for dynamisk besøksstyring på utsette pressområde.

Pressområda – spesielt UNESCO Vestnorsk fjordlandskap og Lofoten – er sårbare reisemål med akutt behov for sterkare grad av tilrettelegging og trafikkstyring. Sogn regionråd meiner at pilottesting bør prøvast ut før ein vurderer etablering av ein lokal og/eller nasjonal modell.

Fellesgodeprosjektet foreslår ein modell for både fellesgodefinansiering og besøksstyring ved bruk av dynamisk prising inn til pressområda på ulike tidspunkt. Modellen er basert på prinsippet om «rushtidsavgift» for å kunne styre besøksstraumen som ein del av reisemålsforvaltninga.

Pilotområda i verdsarvfjordane og Lofoten er i prosess og er klare til å bidra i arbeidet med å prøve ut modellane. Dette vil gje eit forsterka kunnskapsgrunnlag for å utvikla eventuelle permanente ordningar for fellesgodefinansiering og besøksforvaltning.

Fellesgodefinansiering skal vera eit direkte bidrag frå tilreisande til å ta vare på og leggje til rette for besøk i område som opplever høgt press. Ordninga må sikre både besøksbidrag og gje moglegheit for dynamisk besøksstyring, og slik bidra til dei beste opplevingane for tilreisande og lokalbefolkninga.

Reisemålsutvalet foreslår ei nasjonal ordning for besøksbidrag basert på betaling ved innreise til Norge, forvaltning gjennom fylkeskommunane og fordeling til utvikling av fellesgode i heile landet. Sogn regionråd vurderer utvalet sitt forslag som ei strategisk i Fellesgodeprosjektet (FGP) er utvikla av Vestland fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, verdsarvkommunane for UNESCO Vestnorsk fjordlandskap Stranda, Fjord, Voss, Vik, Aurland og Lærdal og kommunane Røst, Værøy, Moskenes, Flakstad, Vestvågøy og Vågan i Lofotrådet i samarbeid med Visit Sognefjord AS og Destination Lofoten AS.

Reisemålsutvalet foreslår ei nasjonal ordning for besøksbidrag basert på betaling ved innreise til Norge, forvaltning gjennom fylkeskommunane og fordeling til utvikling av fellesgode i heile landet. Sogn regionråd vurderer utvalet sitt forslag som ei strategisk tilnærming til generell nasjonal reiselivsutvikling, og ikkje som eit forslag for nødvendig besøksforvaltning i sårbare område slik fellesgodeprosjektet legg til grunn.

Fellesgodeprosjektet foreslår i staden eit lokalt besøksbidrag til nokre få, utvalde pressområde i Norge, der både utlendingar og nordmenn må betale besøksbidrag ved innreise. Unntakene er relatert til fastbuande, pendlarar og varetransport, som kan løysast ved blant anna abonnementsordningar, kvitelisting av køyretøy og refusjonar. Utprøving føreset lovending i ein tidsavgrensa periode.

Sogn regionråd meiner retningslinjene for fellesgodefinansiering må vera ubyråkratiske og tydelege. Reisemålsutvalet foreslår at inntektene fordelast mellom fylkeskommunane som handsamar søknader om fellesgodetiltak ved bruk av regionalforvaltning.no. Sogn regionråd meiner til liks med fellesgodeprosjektet at modellen med lokalt besøksbidrag må forankrast i NFD eller KLD og at Statsforvaltaren forvaltar ordninga på vegne av departementet. Midlane bør tildelast til kommunar for utvalde, sårbare reisemål ut frå strenge vurderingskriterium som blant anna besøksvolum, grad av sårbare natur- og kulturressursar, storleiken på lokalsamfunna og tilgangen til ressursar for tilrettelegging og forvaltning av fellesgodane.

Transport og tilgjengelegheit

Sogn regionråd støttar utvalet si tilråding om ein digital og samanhengande nasjonal reiselplanleggar som har gjennomgåande rute- og billettmoglegheiter i heile landet og som omfattar alle transportselskapa. Vi er einig i at takstsystemet bør harmoniserast slik at besøkande og innbyggjarane kan reise saumlaust med same billett på tvers av fylkesgrenser (tiltak 29).

Sogn regionråd støttar utvalet si tilråding om at fylkeskommunar som har reisemål med mange tilreisande, bør gå i dialog med reiselivsnæringa når dei planlegg innkjøp av kollektivtransporttenester og fastsett ruteplanar. Reiselivet sitt transportbehov bør inngå i anbudsgrunnlaget for offentlege kjøp av transporttenester (tiltak 31).

Cruise

Sogn regionråd er einig i reisemålsutvalet om at Noreg som skipsnasjon må vera i front i omstillinga til ei berekraftig cruisenæring. Krav om utsleppsfrie skip vil setje fart på omstillinga til ei meir berekraftig cruisenæring.

Reisemålsutvalet tilrår at nullutsleppskravet til turistskip og ferjer i verdsarvfjordane også bør stillast i resten av norske farvatn. Utvalet viser til at dei er einig i at nullutsleppskravet må innførast gradvis for å skape forutsigbarheit og overgangsmoglegheiter for næringsaktørane, slik Sjøfartsdirektoratet tilrår (tiltak 36).

Sogn regionråd meiner at formuleringa i NOU-en om gradvis innføring av nullutsleppskravet kan oppfattast som om nullutsleppskravet først skal implementerast lokalt for verdsarvfjordane, for deretter å utvidast nasjonalt. Utgreiinga til Sjøfartsdirektoratet viser at eit lokalgeografisk nullutsleppskrav i verdsarvfjordane er utan klimaeffekt. Om det blir krav om bruk av biogass/biofuel som overgangsordning for verdsarvfjordane frå 2026 vil dette føre til at cruiseskiptrafikken blir flytta frå verdsarvfjordane til andre fjordar på Vestlandet.

Sjølv om skipa ikkje lenger kan kome heilt inn til Flåm, vil skipstrafikken framleis gå til andre hamner i Sognefjorden eller andre fjordar i Norge.

Sogn regionråd meiner verdsarvområda ikkje kan vera åleine om å lukke fjordane for utslepp. Klimakrav må vera nasjonale, ikkje avgrensa til nokre hamner. Sogn regionråd meiner at nullutsleppskravet bør gjelde alle norske farvatn og innførast gradvis. Gradvis innføring må også gjelde for verdsarvfjordane.

i) Fellesgodeprosjektet (FGP) er utvikla av Vestland fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, verdsarvkommunane for UNESCO Vestnorsk fjordlandskap Stranda, Fjord, Voss, Vik, Aurland og Lærdal og kommunane Røst, Værøy, Moskenes, Flakstad, Vestvågøy og Vågan i Lofotrådet i samarbeid med Visit Sognefjord AS og Destination Lofoten AS.

Nærings- og fiskeridepartementet



Regjeringen.no

Ansvarlig for

Nærings- og fiskeridepartementets sider:

Ansvarlig redaktør: Merete Bergeland Jebsen

Nettredaktør: David G. Tvetene

Telefon: 22 24 90 90

E-post: postmottak@nfd.dep.no

Ansatte i NFD: Depkatalog

Personvernerklæring for NFD

Presse:
media@nfd.dep.no / 902 51 303 (ikke SMS)

Org.nr. 912 660 680